



Noregs Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 6. april 2006

Fråsegn til konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing for Langevåg vindpark, Bømlo kommune

Naturvernforbundet Hordaland viser til konsekvensutgreiing og konsesjonssøknad frå Statkraft, om etablering av Langevåg Vindpark på Bømlo. Naturvernforbundet går mot denne etableringa, og ber NVE seie nei til konsesjonssøknaden frå Statkraft.

Konsekvensutgreiinga tek langt på veg opp dei viktigaste problemstillingane som Naturvernforbundet Hordaland meiner bør vurderast. Vi har følgjande merknader til konsekvensutgreiinga.

Fugl

Langevåg Vindpark er tenkt etablert i eit område med høg tettleik av havørn og hønehaug. Det er hekkeplass for hubro i planområdet. Vidare er det eit stort rovfugltrekk gjennom planområdet. Korridor for kraftlinene frå vindparken går gjennom Bømlo sitt største og viktigaste viltområde. Kraftlinene passerer like ved hekkeplass for havørn. Det er vist at havørn får lågare hekkesuksess innanfor vindparker, og auka kollisjonsfare mot møller og kraftliner. Kollisjonsfaren aukar også for andre store fuglar, som til dømes hubro.

Flora

Delar av planområdet er artsrikt og variert med ein uvanleg høg tettleik av rødlisteartar og verdifulle naturtyper. Her er kystlynghei med innslag av rikmyrer og grunne lavlandstjern av stor verdi. Desse representerer naturområde som er svært sjeldne i nasjonal samanheng, og fleire svært sjeldne rødlisteartar er påvist i desse områda. Ei utbygging av vindpark i området vil kunne påverke hydrografiske forhold i høve til dei botaniske verdiane.

Landskap

Det er eit svært verdifullt kulturlandskap der ein planlegg å etablere Langevåg vindpark, med eit stort mangfald av kulturminne frå alle tidsepokar. Området merkar seg ut som eit av dei mest funnrrike og varierte kystmiljøa i heile Hordaland. På slutten av 70- talet vart området fremja som nasjonalt landskapsvernområde. Det er fleire viktige kulturlandskap i og ved planområdet som får ein redusert opplevingsverdi om vindparken blir bygd.

Friluftsliv

Det planlagde vindparkområdet har stor verdi for friluftsliv på Bømlo. Det er opparbeida eit omfattande stinett i området, der fleire stiar har status som Nordsjøløyper. Spesielt vil utbygginga vera negativ for områda rundt Roaldsfjorden - Dyneset. Opplevinga av urørt natur med eit uforstyrta naturmangfald vil verte redusert med ei utbygging av vegar, vindmøller og kraftliner i området.

Konklusjon

Naturvernforbundet meiner at vindkraft vil kunne være ein viktig bidragsytar til å erstatta fossil energi, og derfor ei viktig energikjelde i framtida. Dette forutset at utbygging skjer etter ein kritisk og nøye vurdering av viktige miljø- og arealinteresser. Langevåg vindpark er planlagt som ein vindpark med installert effekt på ca 50 MW. Naturvernforbundet kan ikkje sjå at energigevinsten ved utbygginga på nokon måte står i forhold til dei store tapa av viktige naturområde og naturmangfaldet i området.

Vennleg helsing

NATURVERNFORBUNDET HORDALAND

(Sign.)

John Martin Jacobsen

Dagleg leiar

Kopi:

Miljøverndepartementet
Direktoratet for Naturforvaltning
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune
Bømlo kommune
Statkraft